

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *44* Fylke: *N. Trøndelag*
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: *Leksvik*
 Emne: *Veving* Bygdelag: *Leksvik sokn*
 Oppskr. av: *Johan Moan* Gard: *Moan*
 (adresse): *Leksvik* G.nr. *8* Br.nr. *1.*

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *etter mor mi - 78 år gl.*
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Til utoanpaklar åt karar vart vovi vadmål, anten som beintframty eller som veng. Vengtyet vart gjerne og kalla tvillingveng, for det var likeins på bae sider.

2. Kåpetyget til kvinnfolkklarne var alltid vadmål. Stakk og trøye kærme og vera av vadmål, men det var da helst beintframty, som alltid var tynnare enn veng. Stakken og trøye kærme og vera av halvullty, med bomull renning og ull islett.

3. Underklarne både til karar og kvinnfolk var anten av halvullty eller bomull. Halvulltyet vart vovi av bomullrenning og islett spærmi av varull. Når dei brukte varull, så var det fordi tyet vart mjukare da enn om ein brukte halvull.

Ikkje alle brukte same slags underklar. Somme karfolk sva til ullskjorta både sommar og vinter.

Andre kunne bruke skjorte av ull eller halvull om vinteren og bomulls-skjorte om sommaren. Kvinnfolke brukte helst bomullsklar narast skinnut. Men vinters tid var det vanlig med bukse av halvullty.

Med skjorte er her meint under-skjorte. Det som til vanlig heiter over-skjorte idag, heitte undertrøye for.

Vinters tid brukte godt som alle karar undertrøyer av halvullty (bomull renning og ull innslitt) men om sommaren vart også brukt undertrøyer av heimevovi bomullsty.

4. Veit ikkje.

5. Laken og putevar vart helst roone av bomull (beintframty for ^{vide} lakene og putevara.) Sengteppene (ikkje vanlige ullteppe) vart roone av bomull renning og ull islett.

6. Dükane vart roone som dreiel eller vengleret

7. Handükane vart også roone som dreiel eller vengleret, helst vengleret.

8. Det kunne bli laga äkler av ymse slags ty, men mest vanlig var botsty av bomullsgarn.